

Litt om brennverdi

Brennverdien (energimengda) i ved, tørket i friluft med 14-20 % vassinnhald varierer mellom treslagene. Tala nedenfor er berekna ut frå ein fastkubikkmeter ved, uten reduksjon for verknadsgraden til ovnen:

Brennverditabell

Bøk	3000	KWh pr kubikk (1000 ltr.)
Ask	2900	KWh pr kubikk (1000 ltr.)
Eik	2900	KWh pr kubikk (1000 ltr.)
Lønn	2800	KWh pr kubikk (1000 ltr.)
Bjørk/rogn	2715	KWh pr kubikk (1000 ltr.)
Furu/orr	2350	KWh pr kubikk (1000 ltr.)
Gran /selje	2150	KWh pr kubikk (1000 ltr.)
Osp	2150	KWh pr kubikk (1000 ltr.)

Som ein her ser, så er det ikkje så stor forskjell mellom bjørk som er rekna som det gjevaste treslaget og furu/or/selje o.l. Det viktigaste er at veden er turr nok, når me turkar veden slik me gjer i eit luftig grindbygg så ligg fuktigheitsnivået mellom 8 og 16 %. Dette varierar med luftfuktigheita/veret ute. Me målar veden jamnleg fram til sal med proff målar.

- Les meir om brennverdi på [Wikipedia](#)

Kor mykje ved kjøper eg egentlig?

- 40 småsekk(60 liter) på eit mål
- 3 Eurosekker på eit mål
- 2 Hydrosekker på eit mål
- Dersom du brukar stort sett berre ved til oppvarming så er normalt forbruk på eit år c.a 3 mål.

